

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Dato: 13.11.2017  
Vår ref.: 2014/22289-45  
Saksbehandlar: Iarbirik  
Dykkar ref.:

## Reguleringsplan for bru over Masfjorden - Offentleg ettersyn - Fråsegn etter utført kulturhistorisk synfaring

Viser til brev av 15.09.2017 med reguleringsplan for bru over Masfjorden lagt ut til offentlig ettersyn. Viser og til Hordaland fylkeskommune si fråsegn datert 30.10.2017 der Fylkeskonservatoren varsla synfaring av planområdet. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ved synfaringa vart det ikkje påvist funn av automatisk freda kulturminne. Det vart sondert med jordbor på nokre eigna stader i høve til potensial for aktivitet frå steinalder, men der var svært lite avsetningar anna enn jord på berg. Potensial for funn av automatisk freda kulturminne er difor særst lite.

Når det gjeld kulturminne frå nyare tid, så er det ein vårflor/uthus, nokre rydningsrøyser og andre oppmuringar som mura vegfar, som er av lokal verdi, og som kommunen bør registrere og dokumentere i tilfelle dei vil gå tapt i ein anleggsprosess. Elles er som sagt båtstøene lagt i omsynsone med tilfredstillande føresegnar. Fylkeskonservatoren har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet prøver å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Saka har som tidlegare nemnt vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet har ingen andre merknader til høyringa enn tidlegare innspel. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Med helsing

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Lars Øyvind Birkenes  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Hans-Christian Engum